

God innsats av sognejentene

■ Islandshestlaget Jøkull ■ Til topps

BERGEN: Med vèrgudane på si side, gjorde desse sognejentene god innsats på Bontveit søndag.

Dei stilte i klasse tølt. Dette er ein gangart som berre islandshesten har. Regine Kalhagen fekk førsteplass i denne klassen.

Tøff konkurranse

I klasse trail der ein gjennom ei løype med ulike øvingar som skal stadfeste kor god kommunikasjon det er mellom hest og ryttar, noko som ikkje går på tid men ferdigheit. Her fekk Kalhagen femte plass i ein tøff konkurranse. I klasse firgang (V3) gjekk førsteplassen til Juliet Navarsete K. medan Guro Hofslundsengen og Liv Fredskild kom på ein delt andre plass. Alle frå Islandshestlaget Jøkull.



SOLID INNSATS: Sognejentene gjorde ein flott innsats på Bontveit søndag. Frå høgre: Liv Fredskild på Dimma, Regine Kalhagen på Tyra, Guro Hofslundsengen på Brå og Juliet Navarsete Kollsete på Thengill.